



Adresseliste

## **Invitasjon: Arbeidsgruppe for flytting av kulturrådsfunksjonar til Førde**

Viser til sak om moglegheita for å flytte enkelte statsfunksjonar, mellom anna funksjonar knytt til Norsk Kulturråd, ut av Oslo og tilhøyrande vedtak i fylkestinget i høve sak 64/15 oppgåvedeling.

I fyrste omgang ynskjer eg å invitere til eit innleiande møte om temaet og i tillegg få sett ned ei arbeidsgruppe med høg styre- og kulturkompetanse som kan konstituere seg sjølv og spisse målsetjinga og planen for korleis ein skal lukkast med å få flytta dei statlege kulturarbeidsplassane til Sogn og Fjordane.

**Foreslår møtetidspunkt til fredag 19. februar kl. 12.00-14.00 i Førde på Sogn og Fjordane Fylkeskommune si kulturavdeling. Fylkeskommunen spanderer kaffi.**

Sogn og Fjordane Fylkeskommune ynskjer med bakgrunn i nemnde fylkestingsvedtak å opprette ei eiga arbeidsgruppe som skal ha som målsetjing å få flytta statlege arbeidsplassar knytt til Norsk Kulturråd til Førde. I Førde har ein allereie funksjonar, aktivitetar og ein administrasjon innanfor kulturfeltet. I heile fylket har ein eit særskilt og nyskapande kulturliv som fortinar å ha statlege arbeidsplassar innan kultur litt nærmare enn i Oslo. Ser ein dette i samanheng med Lotteri- og stiftelsestilsynet, fylkeskulturadministrasjonen og ein folkemusikkfestival med internasjonalt ry legg alt til rette for at ein kan bygge ei kultatklynge med griparmar til heile fylket, men med senter i Førde.

Eige notat om kulturrådet og utflytting av oppgåver er under arbeid og vert ettersendt så snart dette er ferdigstilt.

**Ber om at svar på invitasjonen vert sendt innan fredag 29.01.2016.**

Vel møtt.

Med helsing

Jenny Følling  
fylkesordførar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



Mottakar (ar)  
Arvid Andenæs  
Hilde Bjørkum  
Trond Ueland  
Ingebjørg Erikstad  
Olve Grotle

Kopi til:  
Jenny Følling  
Tore Eriksen